

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: tysdag 15. november 2016
Tid: kl. 18.00
Sted: Kårstørommet, Tysvær rådhus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf. 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil bli lagt ut på kommunen si nettside www.tysver.kommune.no og på www.kontrollutvalgene.no

Rådmannen/økonomisjef/barnehagesjef er invitert/innkalla for å orientere i sakene 21/16 til og med 24/16.


Saksliste:

- 20/16 Godkjenning av protokoll frå møte 08.09.16
- 21/16 Orientering om førebels rekneskap og framlegg til budsjett 2017 og økonomiplan
- 22/16 Orientering frå administrasjonen - barnehagesjefen
- 23/16 Oppfølging av politiske vedtak
- 24/16 Utlån av utstyr og maskinar til kommunalt tilsette og rutinar rundt bruk av bilar
- 25/16 Plan for rekneskapsrevisjonen for 2016
- 26/16 Møteplan for 2017
- 27/16 Referat- og orienteringssaker 15.11.16

Eventuelt

Aksdal, 08.11.16

Arne Gjerde (sign.)
utvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert/innkalla)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	15.11.16	20/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 08.09.16

Vedlegg: Protokoll fra møte 08.09.16

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 08.09.16 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 08.09.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 07.11.16

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **8. september 2016** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Arne Gjerde.

MØTESTAD:	Kårstørommet, Tysvær rådhus
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 19.45
MØTANDE MEDLEMMER:	Arne Gjerde (H), Linda Ånderå Bokn (V), Karsten A. Larsen (FrP) og Åse Paulsen (A)
MØTANDE VARAMEDLEM:	1. varamedlem Marit Hølland Gjerdrem (Sp)
FORFALL:	Øyvind Hellerslien (FrP)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Roald Stakland, KPMG AS
ANDRE SOM MØTTE:	Skulesjef Eli Krokedal i sak 14/16 og 15/16
MERKNADER TIL INNKALLING	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen.

Utvalsleiar ønsket velkommen til fyrste møte som leiar. Han viste til sak 31/16 i kommunestyret 21. juni og referatsak 19/16. Utvalet blei attvalt og Øyvind Hellerslien blei valt som nestleiar. Han sit også i kommunestyret, men då han arbeidar offshore har han måtte melde forfall til dagens møte.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 13/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 23.05.16

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 23.05.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 08.09.16:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.09.16:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 23.05.16 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 14/16 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN - SKULESJEFEN

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar skulesjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 08.09.16:

Skulesjefen orienterte med bakgrunn i sist utarbeidde «Tilstandsrapport for skulane», for skuleåret 2014-15, der ressursbruk, elevtal, lærarårsverk, resultat osv. blir omtalt. Tysvær har 8 skuler og ei vaksenopplæring. No er det ca. 1640 elevar, men neste haust vil det bli eit stort hopp med 40-50 elevar. Lærartalet utgjer ca. 140 årsverk. Klassesnittet ligg på ca. 13-16 elevar. Kommunen ligg no rett over landsnittet i utgifter pr. elev. Innsparing dei siste åra har vore på rundt 11 mill. kr. Spesialundervisninga er no på 7,1 %. Det er ein nedgang, som i dei andre kommunane i samarbeidsprosjektet Haugalandsløftet. Når det gjeld grunnskolepoeng viste spesielt siste året ei betring med snitt på 40,3 poeng, som er like i underkant av snitt Rogaland – som og er målet for Tysvær. Tysvær kjem også positivt ut når det gjeld fråfall i den vidaregåande skulen, og ligg på 2 plass i Rogaland. Tre skular er med i prosjekt om betre læringsmiljø.

Utvalet kom med spørsmål knytte opp mot organisering, målformavstemminga og ressursbruk generelt, som skulesjefen svara på. Utvalleiar takka for orienteringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.09.16:

Tysvær kontrollutval tar skulesjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

SAK 15/16 REVISOR SI EIGENERKLÆRING 2016

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar den framlagde eigenerklæringa for 2016 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland, KPMG AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 08.09.16:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.09.16:

Tysvær kontrollutval tar den framlagde eigenerklæringa for 2016 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland, KPMG AS til orientering.

SAK 16/16 PROSJEKTMANDAT – FORVALTNINGSREVISJON – «KVALITET I LÆRINGA I SKULANE»

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet "Kvalitet i opplæringa i skulane" i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre/ evt. med desse endringane:

Ramma vert sett til 200 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 08.09.16:

Utvalsleiar innleia og viste til dei tre hovudproblemstillingane som revisor hadde sett opp. Han var oppteken av kva som var gjort og korleis situasjonen er i dag, med utgangspunkt i siste strategiplan.

Skulesjefen hadde i forkant hatt kontakt med revisor Kari Hesjedal og meinte prosjektet kunne vere ei drahjelp for å få støtte i det pågåande endringsarbeidet i skulane.

Revisor peika på at her har ein sett seg mål og ein vil sjå på status og kva som må gjerast for å nå måla.

Utvalet blei samd de at ein tar utgangspunkt i dagens ressursar og ressursfordeling. Dei ønskte ein statusrapport i neste møte. Utvalet framheva at prosjektet skal ha eit forbettringsperspektiv.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.09.16:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet "Kvalitet i opplæringa i skulane" i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre med tilleggskommentarar gjeve i møtet 08.09.16:

Ramma vert sett til 200 timar.

SAK 17/16 OPPFØLGING AV SELSKAPSKONTROLL – HAUGALAND KRAFT AS OG HAUGALAND NÆRINGSPARK AS

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar tilbakemeldingane frå Haugaland Kraft AS og rådmannen om oppfølging av rapport frå selskapskontrollen i Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 08.09.16

Utvalsekretæren gjorde greie for saka. Utvalet hadde ingen merknader..

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.09.16 og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kontrollutval tar tilbakemeldingane frå Haugaland Kraft AS og rådmannen om oppfølging av rapport frå selskapskontrollen i Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering.

SAK 18/16 BUDSJETT 2017 – KONTROLL OG TILSYN - UTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Tysvær kommune for 2017 vert på i alt **kr 677.000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	81.000
Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)	kr	186.000
Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)	kr	410.000

Handsaming i kontrollutvalet 08.09.16:

Utvalssekretæren gjorde greie for oppsettet. Utvalsleiar gjorde framlegg om å auka budsjettet med kr 100.000, slik at det ville vere mogeleg for utvalet å sette i bestilling meir enn eit forvaltningsrevisjonsprosjekt til neste år. Han viste til at det er tre prosjekt som er gjeve særskilt prioritet, i tillegg må det settast av midlar til selskapskontroll. Forutan kostnadene til rekneskapsrevisjon, vil det då ligge inne midlar til eit og eit halvt prosjekt neste år for budsjettposten «kjøp av revisjonstjenester».

Utvalet støtta leiar sitt framlegg om å auke budsjettet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.09.16 og innstilling til kommunestyret:

*Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Tysvær kommune for 2017 vert på i alt **kr 777.000,- eks mva** fordelt på følgjande:*

<i>Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)</i>	<i>kr</i>	<i>81.000</i>
<i>Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)</i>	<i>kr</i>	<i>186.000</i>
<i>Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)</i>	<i>kr</i>	<i>510.000</i>

SAK 19/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 08.09.16

30. Statusrapport pr. august 2016
31. Komm.styrevedtak 21.06.16, sak 31/16- Søknad om fritak– Ø. Susort – opprykk og nyval
32. Komm.styrevedtak 21.06.16, sak 39/16- Plan for selskapskontroll 2016- 2020
33. Komm.styrevedtak 21.06.16, sak 40/16- Plan for forvaltningsrevisjon 2016- 2020
34. Protokoll - Generalforsamling 06.06.16 – Haugaland Kraft AS
35. Protokoll - Havneråd 09.06.16 – Karmsund Havn IKS
36. Protokoll – Havneråd, e-post 30.06.16 – Karmsund Havn IKS – sak 5/16 – godtgjersle
37. KS Bedrift – unntaksvis bruk av telefonmøte i interkommunale selskap
38. Utsatt sak om oppfølging av politiske vedtak – e-post 30.08.16
39. FKT-konferansen i juni – tilbakemelding frå deltakar Karsten A. Larsen

Handsaming i kontrollutvalet 08.09.16:

Utvalssekretæren gikk igjennom sakene t.o.m. sak 38. Utvalsleiar bad sekretær sørge for at sakene der utvalet har bedt om tilbakemelding fra administrasjonen, ikkje blei glømt. Det gjeld mellom anna oppfølging av politiske vedtak, innsyn i postlister m.m. og delegasjonsreglement.

Karsten Larsen orienterte frå konferansen. Han meinte at det hadde vore mykje betre dersom dei hadde vore fleire frå utvalet som reiste. Det hadde vore mange interessante tema, og det blei vist fleire døme på ukultur i kommunar og selskap.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.09.16:

Kontrollutvalet tar referatsakene 30 - 39 til orientering.

EVENTUELT

Utlån av utstyr og maskinar til kommunalt tilsette

På bakgrunn av innspel frå FKT-konferansen ønskte utvalet ei orientering om Tysvær kommune sine reglement og rutinar når det gjeld lån av utstyr og maskinar til kommunalt tilsette. Dei ønskte også vite meir om bruk av bilar og køyrebok. Utvalet ønskte skriftleg tilbakemelding og orientering i neste møte. Utvalet fatta følgjande vedtak:

Tysvær kontrollutval ber om ei skriftleg tilbakemelding frå rådmannen på følgjande spørsmål:

- *Skriftelege rutinar og praksis rundt lån av utstyr og maskinar til kommunalt tilsette,*
- *Skriftelege rutinar og praksis rundt bruk av bilar og køyrebok.*

Saka vert lagd fram for utvalet til neste møte i november.

Neste møte

Neste møtedato er sett til tysdag **15. november**. Saker: Omsorgssjefen er invitert, orientering om ulike saker, revisjonsplan for rekneskap 2016 og møteplan 2017.

Sekretær opplyste at ordførar hadde meldt at han ikkje hadde høve å komme i dag då han var på reise, men at han hadde sett av neste møtet i sin kalender og rekna då med å komme.

Aksdal, 8. september 2016

Arne Gjerde (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	15.11.16	21/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	151	

ORIENTERING OM FØREBELS REKNESKAP 2016 OG FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2018-2020

Bakgrunn

Kontrollutvalet har ein lovfesta rett til å knyta kommentarar til kommunens årsrekneskap før dette vert behandla av formannskap og kommunestyre. Som eit ledd i kontrollutvalets tilsyn med rekneskapet vert derfor rådmann/økonomisjef invitert til kontrollutvalet for å orientera om arbeidet med rekneskap og budsjett for utvalet.

Kontrollutvalet deltek ikkje i sjølve handsaminga av kommunen sine økonomirapporter. Men som kommunens tilsynsorgan bør kontrollutvalet følgje med i utviklinga av kommunen si drift gjennom dei økonomirapporter og orienteringer som blir lagt fram for kommunestyret. Eventuelle kommentarar til rekneskapet frå kontrollutvalet si side vert gjeve i samband med handsaminga av årsrekneskapen til våren.

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Utvalet er i sitt arbeid kun underlagt kommunestyret, ikkje rådmannen. Framlegget kan derfor bare endrast politisk. Rådmannen skal legge fram sitt framlegg til saldert budsjett med heimel i kommunelova §§ 44-48 og forskrift frå 15.12.00

Budsjett 2017 og økonomiplan 2018-2020

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen blei vedtatt i møte 08.09.16, sak 18/16. Forskrifta pålegg at kommunen sørgjer for at framlegget følgjer formannskapet si innstilling til kommunestyret. Framlegget kan berre endrast av kommunestyret.

Som ikkje-mangfoldiggjort vedlegg til denne saka ligg rådmannen sitt framlegg til budsjett 2017 og økonomiplan 2018-2020. Budsjettframlegget er lagt ut på kommunen si nettside www.tysver.kommune.no . Sekretariatet vil spesielt vise til **budsjettpresentasjonen** som blei presentert på opent møte for folkevalde, administrativ leiing, tilsette sine organisasjonar, presse og andre interesserte 31.11.16, og som også ligg på nettsida under Aktuelt.

Budsjettframlegget inneheld rådmannen sine kommentarar, kommentarar frå organisasjonen, ulike budsjettskjema, tiltaksliste, hovudoversikt og detaljbudsjett for ansvarområda.

Rådmannen skriv i forordet følgjande:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2017 og økonomiplan 2018-2020 byggjer på budsjett/ økonomiplan 2016-2019, kommunestyrets rammevedtak i juni 2016, utviklinga i budsjettåret 2016 og regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2017.

Det blir, som framlegget viser, arbeidd godt og systematisk med mange overordna planavklaringar som er i ferd med å konkretisere seg i svært mange store og små enkelttiltak både på drifts- og investeringssida.

Framlegget legg opp til eit aktivt og framtidsretta arbeid med teneste- og samfunnsutvikling i ein kommune i vekst, og handlar mykje om å finne smartare og meir kostnadseffektive måtar å arbeide på. Vi har arbeidd med omstilling i mange år no, og har i perioden 2011 – 2015 spart 18,9 mill. kroner meir enn Landet utan Oslo. Samla ressursforbruk i 2015 ligg 13 % over Landet utan Oslo, mot 20 % over i 2011. Det betyr at vi framleis har ein svært god ressursituasjon.

Det arbeidet med omstilling som vart starta i 2008/2009, er nå i ein fase der vi må bruke endringsgrep som krev grundig planavklaring og sterk politisk forankring. Vi må også tilpasse oss til kva som er realistisk gjennomførbart over tid. Det er i økonomiplanframlegget sett av noko meir tid til gjennomføring. Dette skuldast at full sparing føreset eit betre bygningsmessig grunnlag for drifta, og at det tar tid å få dette på plass. Og tid er igjen heilt avgjerande for å sikre god kvalitet.

Å arbeide så offensivt og lenge med omstilling og sparing som vi nå har gjort, er sjølvsagt krevjande på alle nivå i heile organisasjonen. Men endring er også spanande, og rådmannen opplever at det er god framdrift og mykje positiv energi i arbeidet.

Arbeidet med omstillingar blir føresett vidareført og skal gi ein samla innsparingseffekt på 19,1 mill. kroner 2017-2020 (4 mill. kroner i 2017). Samla innsparing 2013-2020 skal vere 53,2 mill. kroner. Nye omstillingstiltak blir føresett frå 2021 med 4 mill. kroner. Greier vi det, har vi oppfylt det sparekravet kommunestyret vedtok i 2012, i budsjett / økonomiplan for 2013-2016.

Etter ny taksering av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2016, er det i økonomiplanen føresett auka eigedomsskatt med rundt 27 mill. kroner i 2016, opp til rundt 180 mill. kroner årleg. Saman med omstilling og sparing gir dette oss eit netto driftsresultat som er betre enn i dei beste åra på 1990-talet med store utbyggingar på Kårstø. Utviklinga har over tid vore svært positiv ved at vi har gått frå eit reelt driftsunderskott på 7 mill. kroner i 2007 til eit estimert driftsresultat på rundt 65 mill. kroner i 2016 og vidare i økonomiplanperioden. Driftsresultatet utgjør 6-7 % av brutto driftsinntekter, som er mykje over sentrale myndigheiter sitt krav til «god økonomi». Vi har også greidd å sikre stabil netto lånegjeld rundt landsgjennomsnittet.

Det betyr at vi ved inngangen til ny økonomiplanperiode har eit godt økonomisk handlingsrom som vi må nytte klokt til å byggje opp om arbeidet med omstilling og sparing, og finne gode og berekraftige løysingar for framtida. Det gjer vi no med historisk høge investeringsbudsjett på til saman 557 mill. kroner 2017-2020 utan å auke netto reell lånegjeld. Dette er investeringar i mange små og store prosjekt som alle handlar om å rigge Tysvær kommune for framtida. Eit godt investeringsnivå vil over tid gi endå betre bygg å drive i, og dermed også bli til glede for alle dei flinke medarbeidarane våre som har vore med på å skape det handlingsrommet vi no kan hauste i.

Nokre store utfordringar er det likevel, og den aller største er det store presset frå både regjering og næringsaktørar for å få endra dagens regime for eigedomsskatt på verk og bruk. Dei to største skatteytarane Gassco og Statoil har klaga på taksten i 2016, og det vil truleg ta tid for desse sakene er endeleg avklara. Bransjen tar også steg for å prøve dagens regleverk og praksis rettsleg, og siste ord er neppe sagt frå Regjeringa, sjølv om det ikkje står noko om endringar i skattelova i statsbudsjettet for 2017. Utfordringa blir forsterka av at olje og gass ser ut til å bli ein mindre viktig motor i norsk økonomi i framtida. I følge Gassco er det forventa at Kårstø vil gå med høg aktivitet til ut på 20-talet. Samstundes blir volumprofilane og dermed «føden» til Kårstø meir usikre jo lenger ein ser fram i tid. Gassco følgjer volumprofilane tett og jobbar kontinuerlig med optimalisering av norsk gassinfrastruktur, inkludert Kårstø, blir det sagt frå selskapet.

Det er eit gammalt ord som seier at «det skal sterk rygg til for å bera gode dagar», og her er det viktig å vere føre var. Vi er som kommune framleis prega av god økonomi i fleire 10-år, og at mange har store forventningar til kva Tysvær skal levere av tiltak og tenester. No gjeld det å minne kvarandre om at vi må vere nøkterne og langsiktige, slik Nils Øie seier det så fint i Tysværvisa: «Men me vil'kje leva i sus og i dus, men skjøtta vårt arbeid og tryggja vårt hus. Så dei som kjem etter kan seia som så; dei stelte seg vel her i Tysvær».

Det er ikkje eit spørsmål om det vil komme store negative endringar i inntektsgrunnlaget vårt, for det vil det gjere. Spørsmålet er om det er om 5, 10 eller kanskje 15 år vi må ha tryggja vårt hus for framtida. For det er nettopp det som er oppgåva! Slik rådmannen ser det, må vi bruke den gode «styringsfarten» vi no har i økonomien vår, og som vi truleg vil ha i endå nokre år, til å vidareføre arbeidet med gode omstillingar og framtidsretta grep både i samfunns- og tenesteutvikling.

Nytt inntektssystem for kommunane frå 2017 rammar Tysvær ved at vi med opptrapping over 3 år vil få 9 mill. kroner mindre i inntekter. Dette tapet har vi fasa inn i økonomiplanen og her er det ei positiv mulegheit som bør nemnast: Ei kommunesamanslåing med Bokn, som Fylkesmannen i Rogaland har bedt oss om å sjå meir på, vil vera ein utprega vinn-vinn situasjon for begge kommunar. Vi ville samla få stor reformstøtte og vesentleg mindre tap etter omlegginga, og nytt inntektssystem blir ikkje iverksett før ein ny samanslått kommune er i drift frå 2020. La oss prøve å få det til!

Budsjett, økonomiplan og sak om kommunale avgifter for 2016 vert handsama i formannskapets budsjettmøte i møte **29.11.16** og endeleg vedtak vert gjort i kommunestyremøtet **13.12.16**.

Rådmann/økonomisjef vil gjere greie for førebels rekneskap for 2016, samt hovudtrekka i budsjett for 2017 i møtet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tar orienteringa om førebels rekneskap 2016 og rådmannen sitt framlegg til budsjett 2017 og økonomiplan for Tysvær kommune 2017-2020 til orientering.

Aksdal, 08.11.16



Toril Hallsjø

Dagleg leiar

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	15.11.16	22/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – BARNEHAGESJEFEN

Bakgrunn:

Kontrollutvalet vedtok i møtet 09.02.16, sak 3/16 å sette opp ein plan for orientering om resultalaområda og stabsfunksjonane i møta framover. Utvalet sette opp følgjande rekkjefølge:

- omsorgssjef,
- personal- og organisasjonssjef,
- skulesjef,
- helse- og førebyggingssjef,
- barnehagesjef,
- teknisk sjef,
- kultursjef,
- plansjef og
- økonomisjef.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjend med drifta av kommunen og dei utfordringar administrasjonen står overfor. Planen blei oversendt rådmannen 14.02.16. Det framgikk i brevet at tidspunkta kunne endrast/byttast for dei inviterte.

Det blei tidleg gjeve melding om at dei to fyrste inviterte ønskte å bytte dato, slik at personal- og org.sjef Kristin Helle møtte i maimøtet og skulesjef Eli Krokedal i september. Det var planlagt at omsorgssjef Annbjørg Lunde skulle møte i november, men ho har no varsla at dette møtet kolliderer med eit anna møte, så barnehagesjefen møter og omsorgssjefen kjem i februar møtet.

Det er rådmannen som bestemme om han også møter eller om ho møter som representant for rådmannen.

Utvalet blei samd i at orienteringa skulle vere på ca. 20 minutt og deretter spørsmål. Utvalet kunne komme med innspel på emne og spørsmål via sekretariatet seinast ei veke før møtet, men helst så tidleg som mogeleg slik at dei inviterte kunne førebu seg.

Sekretariatet ser gjerne at det vert orientert om sterke og svake sider ved kommunen og kva utfordringar Tysvær kommune står ovanfor, herunder seie litt om følgjande punkter:

Generelt om (støtte- og) resultateiningen

- plassering i organisasjon
- tjenestetilbod
- personale: tal på tilsette, kompetanse, sjukefråver
- økonomi
- samarbeid med dei folkevalde

Tanker om framtida

- tenestebhov/tilbod – utfordringar/endringar
- kompetansebhov
- evaleuering/utvikling


Kontroll og tilsyn

- tidlegare forvaltningsrevisjonar. I så fall, kva har disse ført til?

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval tek barnehagesjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

Aksdal, 08.11.16



Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	15.11.16	23/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK

Vedlegg: Rådmannen sitt brev av 07.11.16

Saksorientering:

Kontrollutvalet vedtok i møtet 23.05.16, sak 9/16 følgjande:

Tysvær kontrollutval ber om ei tilbakemelding frå rådmannen til neste møte på følgjande spørsmål:

- 1a) *Korleis blir politiske vedtak følgt opp i dag?*
- 1b) *Kva blir gjort dersom vedtak ikkje blir gjennomført – heilt eller delvis – slik det var føresetnaden i vedtaket?*
- 2) *Korleis blir oversendingsforslag frå et politisk organ følgt opp?*
- 3) *Finst det eit oversyn over saker som heilt eller delvis ikkje er følgt opp, med tidspkt. for vedtak, og plan for når desse blir gjennomført, ev. dato for nytt, endeleg vedtak?*

Skriftleg tilbakemelding ønskjer utvalet sendt til sekretariatet **innan 30. august 2016** og at rådmannen møter i møtet **6. september**.

Vedtaket ble oversendt rådmannen i brev av 30.05.16, og det blei sendt ei påminning pr e-post 10.08.16. Økonomisjefen skreiv i e-post 30.08.16 følgjande:

På vegne av rådmannen viser eg til sak 9/16 i kontrollutvalget om oppfølging av politiske vedtak, der det blir bedt om skriftlig svar innan 30. august som svar på spørsmål. Rådmannen rekker ikke å bli ferdig med denne utgreiing til møtet 8. september, og ber da om at saken kommer opp igjen på kontrolutvalget sitt neste møte.

Rådmannen har i brev, dagsett 07.11.16, oversendt si tilbakemelding til sekretariatet. Brevet følgjer vedlagt, men sekretariatet har valt å ta inn hovuddelen av brevet i saksframlegget og understreke noke:

Dei ulike spørsmåla går noko inn i kvarande og det vert derfor gitt eit samla svar.

Når det er gjort eit endeleg vedtak i eit politisk møte, utarbeidar politisk sekretariat ei særutskrift som viser behandlinga og vedtak i saka. Det er då saksbehandlar si oppgåve å følgje opp vedtaket i saka. Denne oppfølginga kan t.d. vera i form av utbetaling av tilskot, igangsetting av nye reglement, melding til eksterne partar om vedtak mv.

I særutskrifta står også eventuelle oversendingsforslag til oppfølging. Det vert på same måte saksbehandlar si oppgåve å følgje opp det som kjem fram av oversendingsforslaget. Vedtak av den typen som er nemnt som døme ovanfor, er som hovudregel enkle å følgje opp.

Når det gjeld budsjettvedtaket, er dette det mest omfattande vedtaket med konkrete tiltak som skal gjerast i budsjettåret både på drift og investering. I kommunestyret sitt generelle budsjettvedtak ligg det også mange føringar for planar som skal utarbeidast for seinare politisk behandling. For kvart resultatområde er det på drift lista opp kva mål områda har inn i nytt budsjettår og vidare i økonomiplanperioden. Alt som står i budsjettokumentet, som er kommunen sitt fremste styringsdokument, av store og små tiltak blir ikkje lista opp i rapportering. Men rådmannen følgjer dette gjennom året via månadsrapportering til formannskap og i tertialrapportering til kommunestyret.

I tertialrapporteringa er det også under kvart einskild resultatområde eit eige punkt der resultatområda skal rapportera på oppfølging av konkrete budsjettvedtak på drift. Kommunestyret sine spesielle merknadar i samband med det nye budsjettvedtaket vert nå konkret kommentert med status, punkt for punkt i tertialrapportane pr. 1/5 og 1/9, i tillegg til at årsmeldinga skal summere opp kva som er gjennomført og kva som ein ikkje har fått fullført av planar og tiltak. I kvar tertialrapport blir status for det einskilde investeringsprosjekt gjennomgått med framdrift, status på om budsjettet held, og når ferdigstilling kan påreknast.

Kommunen har pr. d.d ikkje eit system som gir eit oversyn over status på saker som politisk skal fylgjast opp. Dette er noko administrasjonen arbeider vidare med. I løpet av 2017 skal det gjennomførast ei større oppgradering av kommunens arkiv- og saksbehandlingssystem. Denne oppgraderinga vil gi eit betre rapporteringsverktøy som kan lage oversiktar både for administrasjonen og folkevalde på status politiske vedtak. Desse rapportane vil, etter det leverandøren har informert om, også gi ei oversikt over dato for vedtak, plan for gjennomføring av vedtak og kva tid vedtaket faktisk vart gjennomført.


Som kontrollutvalet er kjent med, vert det for tida jobba med å innføre elektronisk avviksrapportering i heile organisasjonen. Her skal det også meldast inn avvik når politiske vedtak ikkje er følgt opp. Ved behandling av avviket skal ein analysere konsekvens og årsak til avviket. I tillegg skal det leggjast inn tiltak for å unngå at tilsvarande skal skje igjen. Dette vil være eit nyttig verktøy i arbeidet med oppfølging av vedtak.

Saka vert med dette lagd fram for utvalet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding av 07.11.16 om oppfølging av politiske vedtak til orientering.

Aksdal, 08.11.16


Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær



Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

Postboks 57
5575 AksdalHaugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 7.11.16
Journalført: 16/
Arkivkode: 216**TILBAKEMELDING - OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK**

Viser til førespurnad frå kontrollutvalet der ein ber om tilbakemelding på rutinane for oppfølging av politiske vedtak:

- 1a) *Korleis blir politiske vedtak følgt opp i dag?*
- 1b) *Kva blir gjort dersom vedtak ikkje blir gjennomført – heilt eller delvis – slik det var føresetnaden i vedtaket?*
- 2) *Korleis blir oversendingsforslag frå et politisk organ følgt opp?*
- 3) *Finst det eit oversyn over saker som heilt eller delvis ikkje er følgt opp, med tidspkt. for vedtak, og plan for når desse blir gjennomført, ev. dato for nytt, endeleg vedtak?*

Dei ulike spørsmåla går noko inn i kvarande og det vert derfor ~~ikkje~~ gitt eit samla svar.

Når det er gjort eit endeleg vedtak i eit politisk møte, utarbeidar politisk sekretariat ei særutskrift som viser behandlinga og vedtak i saka. Det er då saksbehandlar si oppgåve å følge opp vedtaket i saka. Denne oppfølginga kan t.d. vera i form av utbetaling av tilskot, igangsetting av nye reglement, melding til eksterne partar om vedtak mv. I særutskrifta står også eventuelle oversendingsforslag til oppfølging. Det vert på same måte saksbehandlar si oppgåve å følge opp det som kjem fram av oversendingsforslaget. Vedtak av den typen som er nemnt som døme ovanfor, er som hovudregel enkle å følge opp.

Når det gjeld budsjettvedtaket, er dette det mest omfattande vedtaket med konkrete tiltak som skal gjerast i budsjettåret både på drift og investering. I kommunestyret sitt generelle budsjettvedtak ligg det også mange føringar for planar som skal utarbeidast for seinare politisk behandling. For kvart resultatområde er det på drift lista opp kva mål områda har inn i nytt budsjettår og vidare i økonomiplanperioden. Alt som står i budsjettdokumentet, som er kommunen sitt fremste styringsdokument, av store og små tiltak blir ikkje lista opp i rapportering. Men rådmannen følgjer dette gjennom året via månadsrapportering til formannskap og i tertialrapportering til kommunestyret. I tertialrapporteringa er det også under kvart einskild resultatområde eit eige punkt der resultatområda skal rapportera på oppfølging av konkrete budsjettvedtak på drift. Kommunestyret sine spesielle merknadar i samband med det nye budsjettvedtaket vert nå konkret kommentert med status, punkt for punkt i tertialrapportane pr. 1/5 og 1/9, i tillegg til at årsmeldinga skal summera opp kva som er gjennomført og kva som ein ikkje har fått fullført av planar og tiltak. I kvar tertialrapport blir status for det einskilde investeringsprosjekt gjennomgått med framdrift, status på om budsjettet held, og når ferdigstilling kan påreknast.

Kommunen har pr. d.d ikkje eit system som gir eit oversyn over status på saker som politisk skal fylgjast opp. Dette er noko administrasjonen arbeider vidare med. I løpet av 2017 skal det gjennomførast ei større oppgradering av kommunens arkiv- og saksbehandlingssystem. Denne oppgraderinga vil gi eit betre rapporteringsverktøy som kan lage oversiktar både for administrasjonen og folkevalde på status politiske vedtak. Desse rapportane vil, etter det leverandøren har informert om, også gi ei oversikt over dato for vedtak, plan for gjennomføring av vedtak og kva tid vedtaket faktisk vart gjennomført.

Som kontrollutvalet er kjent med, vert det for tida jobba med å innføre elektronisk avviksrapportering i heile organisasjonen. Her skal det også meldast inn avvik når politiske vedtak ikkje er følgt opp. Ved behandling av avviket skal ein analysere konsekvens og årsak til avviket. I tillegg skal det leggst inn tiltak for å unngå at tilsvarande skal skje igjen. Dette vil være eit nyttig verktøy i arbeidet med oppfølging av vedtak.

Med helsing

Arvid S. Vallestad
Rådmann

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og krev derfor ingen signatur.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	15.11.16	24/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

UTLÅN AV UTSTYR OG MASKINER TIL KOMMUNALT TILSETTE OG RUTINAR OG PRAKSIS RUNDT BRUK AV BILAR OG KØYREBOK

Vedlegg: Notat frå personal- og organisasjonssjefen 06.11.16

Saksorientering:

Kontrollutvalet vedtok i møtet 08.09.16, sak 19/16 følgjande:

Tysvær kontrollutval ber om ei skriftleg tilbakemelding frå rådmannen på følgjande spørsmål:

- *Skriftlege rutinar og praksis rundt lån av utstyr og maskinar til kommunalt tilsette,*
- *Skriftlege rutinar og praksis rundt bruk av bilar og køyrebok.*

Saka vert lagd fram for utvalet til neste møte i november.

Saka kom opp med bakgrunn i at temaet var drøftet på FKT-konferansen i juni.

Vedtaket ble oversendt rådmannen v/postmottak i brev av 14.09.16, og det blei sendt ei påminning til rådmannen fjorten dager før utsending av saksdokumenter pr e-post 25.10.16.

Personal- og organsiasjonssjefen har 06.11.16 sendt si orientering til kontrollutvalet med kopi rådmannen og økonomisjef. Ho skriv følgjande:

UTLÅN AV UTSTYR OG MASKINAR TIL KOMMUNALT TILSETTE

Det er pr. i dag ikkje reglement for utlån av kommunalt eigd utstyr til tilsette i Tysvær kommune. Det er praksis for å kunne låna utstyr og maskinar av Tysvær kommune. Ein har derfor sett i gong eit arbeid for å laga reglement for dette. Dette arbeidet er av ulike grunnar ikkje slutført.

Det vart hausten 2015 laga eit mandat for utarbeiding av reglement:

Mandat utarbeiding av reglement for utlån av kommunalt eigd utstyr

Ei partssamansett arbeidsgruppe skal utarbeida rutine for utlån av kommunalt eigd utstyr i Tysvær kommune.

Rutinen skal innehalda reglar for;

- *Generelle reglar for utlån*
- *Kven som kan låna utstyr (utstyr her gjeld også stolar, bord, og evt. andre møbler)*
- *Kva utstyr som kan lånast ut*
- *Ansvar for og evt.krav om opplæring i bruk av utstyr*
- *At det blir utarbeida system for registrering av utlån*
- *Reingjering av lånt utstyr*
- *Erstatning dersom utstyr blir øydelagd*

Ein reknar med at arbeidet med utarbeiding av dette reglementet blir slutført i løpet av første kvartal 2017

RUTINAR OG PRAKSIS RUNDT BRUK AV BILAR OG KØYREBOK


Tysvær kommune installerte i 2013 elektronisk køyrebok i alle kommunale bilar. Systemet tilfredsstiller skattemyndighetene sitt krav om dokumentasjon for yrkeskøyring. Gjennom ei teknisk løysing dokumenterer elektronisk køyrebok alle turar automatisk via GPS. Systemet gir både arbeidsgjevar og tilsette trygghet for at ein ikkje risikerer å bryta skattereglar.

Elektronisk køyrebok blei påbudt 01.01.2016

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval tek personal- og organisasjonssjefen si tilbakemelding og utgreiing om rutinar og praksis for lån av utstyr og maskinar og bruk av bilar og køyrebok for kommunalt tilsette til orientering.

Aksdal, 08.11.16


Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar

VEDLEGG
SAK
24/16

Saksbehandlar: Kristin Helle Tlf.

Arkiv:

Dykkar ref:

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 07.11.16
Journalført: 16/420/ha
Arkivkode: 216**INFORMASJON TIL KONTROLLUTVALET****UTLÅN AV UTSTYR OG MASKINAR TIL KOMMUNALT TILSETTE.**

Det er pr. i dag ikkje reglement for utlån av kommunalt eigd utstyr til tilsette i Tysvær kommune. Det er praksis for å kunne låna utstyr og maskinar av Tysvær kommune. Ein har derfor sett i gong eit arbeid for å laga reglement for dette. Dette arbeidet er av ulike grunnar ikkje slutført.

Det vart hausten 2015 laga eit mandat for utarbeiding av reglement:

Mandat utarbeiding av reglement for utlån av kommunalt eigd utstyr.

Ei partssamansett arbeidsgruppe skal utarbeida rutine for utlån av kommunalt eigd utstyr i Tysvær kommune.

Rutinen skal innehalda reglar for;

- Generelle reglar for utlån
- Kven som kan låna utstyr (utstyr her gjeld også stolar, bord, og evt. andre møbler)
- Kva utstyr som kan lånast ut
- Ansvar for og evt.krav om opplæring i bruk av utstyr
- At det blir utarbeida system for registrering av utlån
- Reingjering av lånt utstyr
- Erstatning dersom utstyr blir øydelagd

Ein reknar med at arbeidet med utarbeiding av dette reglementet blir slutført i løpet av første kvartal 2017

RUTINAR OG PRAKSIS RUNDT BRUK AV BILAR OG KØYREBOK

Tysvær kommune installerte i 2013 elektronisk køyrebok i alle kommunale bilar. Systemet tilfredsstiller skattemyndighetene sitt krav om dokumentasjon for yrkeskøyning. Gjennom ei teknisk løysing dokumenterer elektronisk køyrebok alle turar automatisk via GPS. Systemet gir både arbeidsgjevar og tilsette trygghet for at ein ikkje risikerer å bryta skattereglar.

Elektronisk køyrebok blei påbudt 01.01.2016

Kristin Helle

Personal- og organisasjonssjef

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	15.11.15	25/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

Kan bli behandla i lukka møte - Offl. § 24/KL § 31 nr 5

PLAN FOR REKNEKAPSREVISJONEN FOR 2016

Vedlegg: Revisjonsplan Tysvær kommune 2016 (delt ut i møtet)

Bakgrunn

Ifølge kommuneloven § 77, 4. ledd skal kontrollutvalet "påse at kommunens regnskaper blir revidert på betryggende måte". Tilsynet blir gjennomført bl.a. ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa skal dekke både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet.

I følgje forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk skal revisor **årleg utarbeide ein plan** for revisjon av rekneskapen. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må utføre for å kunne stadfeste rekneskapen.

KPMG sin revisjonsplan for Tysvær kommune vil bli delt ut i møtet. Den viser korleis revisor planlegger årets og neste års revisjon for rekneskapsåret 2016. Det er fra KPMG ønske om at det ikkje ver offentleg, da dei anser det til å vere eit internt arbeidsdokument (off.l § 14). Deloitte har eit anna syn, sjølv om det er eit internt arbeidsdokument, og dei finn ikkje grunn til at dette skal skånast, dvs at det det kan vere offentleg.


Vedlegget er eit internt arbeidsdokument, og vil ikkje bli lagt ut på kommunen sine nettsider, men berre bli delt til kontrollutvalet.

Revisor vil gje ein munnleg orientering til utvalet om hovudinnhaldet i arbeidet. Desse opplysningane som kjem fram i møtet kan vere ikke offentlege og møtet kan difor bli lukka, jfr. Offentleglova § 24/ kommuneloven § 31 nr 5.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval tar revisor si presentasjon av plan for rekneskapsrevisjonen for 2016 til orientering.

Aksdal, 08.11.16


Toril Hallsjø

Dagleg leiar

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	15.11.16	26/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

MØTEPLAN FOR 2017 - KONTROLLUTVALET

Vedlegg: Oversiktskalender for 2017

Bakgrunn:

Med utgangspunkt i tidlegare møtefrekvens (4 møte pr. år), har sekretariatet sett opp framlegg til møteplan for kontrollutvalet for 2017. Dag og tidspunkt for møta er vidareført slik dei har vore dei siste tolv åra: tysdagar kl. 18.00. Møtene er opne for publikum og presse, og datoane skal gjerast kjent for innbyggjarane på kommunen sine nettsider. Det er difor viktig at møteplanen vert halden når den er vedteken.

Saksorientering:

Av faste saker vil utvalet si årsmelding bli lagt fram på det fyrste møtet på nyåret. I neste møte vil kontrollutvalet gje si uttale til årsrekneskapen. På hausten vil budsjettframlegg og møteplan bli handsama. I tillegg vil andre saker og saker knytte til forvaltningsrevisjon bli lagt fram for utvalet.

Etter forskriftene kan ikkje formannskapet gjera vedtak før den er handsama i kontrollutvalet, dvs. at innstillinga/uttale skal følgje med. Dato for dette møtet vil difor avhenge av når det er planlagt handsaming av rekneskap og årsmelding i formannskapet. I Tysvær har det vore vanleg å handsama rekneskapen i kommunestyremøtet i juni, slik at det har vore greitt å leggje kontrollutvalet sitt møte sist i mai. Økonomisjefen vil delta på ein konferanse 22.-23. mai, og det er mogeleg å skyve møtet i mai til 30. mai då det er planlagt formannskapsmøte ei veke før kommunestyremøtet i juni. Alternativt må møtet vere på måndag 15. eller 29. mai.

Dersom det blir endringar i møteplan, vil det i så fall bli gjeve melding om dette så snart dette er kjent. Vidare er det også mogeleg å ha ekstramøte dersom det skulle bli naudsynt.

SEKRETARIATET S ITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2017:

tysdag **07.02, 30.05, 05.09, 14.11 kl. 18.00.**

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Aksdal, 08.11.16

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

Oversiktskalender 2017

Januar 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
52							1
1	2	3	4	5	6	7	8
2	9	10	11	12	13	14	15
3	16	17	18	19	20	21	22
4	23	24	25	26	27	28	29
5	30	31					

5 ● 12 ○ 19 ● 28 ●

Februar 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
5			1	2	3	4	5
6	6	7	8	9	10	11	12
7	13	14	15	16	17	18	19
8	20	21	22	23	24	25	26
9	27	28					

4 ● 11 ○ 18 ● 26 ●

Mars 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
9			1	2	3	4	5
10	6	7	8	9	10	11	12
11	13	14	15	16	17	18	19
12	20	21	22	23	24	25	26
13	27	28	29	30	31		

5 ● 12 ○ 20 ● 28 ●

April 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
13						1	2
14	3	4	5	6	7	8	9
15	10	11	12	13	14	15	16
16	17	18	19	20	21	22	23
17	24	25	26	27	28	29	30

3 ● 11 ○ 19 ● 26 ●

Mai 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
18	1	2	3	4	5	6	7
19	8	9	10	11	12	13	14
20	15	16	17	18	19	20	21
21	22	23	24	25	26	27	28
22	29	30	31				

3 ● 10 ○ 19 ● 25 ●

Juni 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
22			1	2	3	4	
23	5	6	7	8	9	10	11
24	12	13	14	15	16	17	18
25	19	20	21	22	23	24	25
26	26	27	28	29	30		

1 ● 9 ○ 17 ● 24 ●

Juli 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
26						1	2
27	3	4	5	6	7	8	9
28	10	11	12	13	14	15	16
29	17	18	19	20	21	22	23
30	24	25	26	27	28	29	30
31	31						

1 ● 9 ○ 16 ● 23 ● 30 ●

August 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
31	1	2	3	4	5	6	
32	7	8	9	10	11	12	13
33	14	15	16	17	18	19	20
34	21	22	23	24	25	26	27
35	28	29	30	31			

7 ○ 15 ● 21 ● 29 ●

September 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
35						1	2
36	4	5	6	7	8	9	10
37	11	12	13	14	15	16	17
38	18	19	20	21	22	23	24
39	25	26	27	28	29	30	

6 ○ 13 ● 20 ● 28 ●

Oktober 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
39						1	
40	2	3	4	5	6	7	8
41	9	10	11	12	13	14	15
42	16	17	18	19	20	21	22
43	23	24	25	26	27	28	29
44	30	31					

5 ○ 12 ● 19 ● 28 ●

November 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
44			1	2	3	4	5
45	6	7	8	9	10	11	12
46	13	14	15	16	17	18	19
47	20	21	22	23	24	25	26
48	27	28	29	30			

4 ○ 10 ● 18 ● 26 ●

Desember 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
48						1	2
49	4	5	6	7	8	9	10
50	11	12	13	14	15	16	17
51	18	19	20	21	22	23	24
52	25	26	27	28	29	30	31

3 ○ 10 ● 18 ● 26 ●

- 1. jan Nyttårsdag
- 21. jan Prinsesse Ingrid Alexandra, 13 år
- 6. feb Samefolkets dag
- 12. feb Morsdag
- 14. feb St. Valentines dag
- 21. feb Kong Harald, 80 år
- 26. feb Fastelavn
- 20. mar Vårjevndøgn
- 21. mar Offisielt vårjevndøgn
- 26. mar Sommertid start
- 9. apr Palmesøndag
- 13. apr Skjærtorsdag
- 14. apr Langfredag

- 16. apr 1. påskedag
- 17. apr 2. påskedag
- 1. mai Off. høgtidsdag
- 8. mai Frigjøringsdag 1945
- 17. mai Grunnlovsdag 1814
- 25. mai Kr. Himmelfartsdag
- 4. jun 1. pinsedag
- 5. jun 2. pinsedag
- 7. jun Unionsoppløsning 1905
- 21. jun Sommersolverv
- 23. jun Jonsokaften
- 4. jul Dronning Sonja, 80 år
- 20. jul Kronprins Haakon, 44 år
- 29. jul Olsokdagen

- 19. aug Kronprinsesse Mette-Marit, 44 år
- 22. sep Høstjevndøgn
- 29. okt Sommertid slutt
- 31. okt Halloween
- 5. nov Allehelgensdag
- 12. nov Farsdag
- 3. des 1. søndag i advent
- 13. des Luciadagen
- 21. des Vintersolverv
- 25. des 1. juledag
- 26. des 2. juledag

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	15.11.16	27/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 15.11.16**Vedlegg:**

- 40. Statusrapport pr. november 2016
- 41. Komm.styrevedtak 25.10.16, sak 71/16 – Eigarskapsmelding – Tysvær kommune
- 42. Invitasjon – FKT i Rogaland - Høstkonferanse 17.11.16 i Sandnes – 3 påmeldt
- 43. Innkalling- repr.skapsmøte 01.12.16 – HIM IKS
- 44. Vedr oppfølging av pålegg frå Statsarkiv og arbeid med arkivplan
- 45. Kommunal Rapport 29.09.16 – om revisjonsutgifter
- 46. KOSTRA-tall vedr. funksjon 110 – Kontroll og revisjon – 10 kommunar på Haugalandet
- 47. Førebels svar på klagebrev frå Ståle Iversen, Førresfjorden
- 48. Klagebrev frå Ståle Iversen m/ vedlegg (FM, disp. søknad og byggesøknad)
- 49. Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) – høringsuttalelse til NOU: 4 Ny kommunelov

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, meldingar og liknande) til kontrollutvalet til orientering.


Når det gjeld brevet frå Ståle Iversen må utvalet ta stilling om det er ei enkeltsak som utvalet ønskjer meir orientering om frå administrasjonen, sett i lys om den ligg innanfor eller utanfor utvalet sitt mandat eller om den skal avvisast direkte. Dersom utvalet skal sjå nærare på dette området må det vere på eit overordna prinsipielt nivå, som eit mogeleg forvaltnings-revisjonsprosjekt.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsakene nr 40 - 49 blir tatt til orientering.

Tysvær kontrollutvalet tar referatsak 47 i sak 27/16 til orientering og går ikkje vidare med saka. Utvalet har ikkje mandat til å gå inn i enkeltsaker eller overprøve politiske vedtak.

Aksdal, 08.11.16



Toril Hallsjø

Dagleg leiar



40

Kontrollutvalet i Tysvær

Statusoversikt september 2016

Rapportar frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig	Merknader
Kvalitet på læringa i skulane	08.09.16, sak 17/16	200 timar	Bestilt	Januar 2017	KPMG AS
Selskapskontroll					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandling i KU	Behandling i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Rapporten «Internkontroll»	03.02.15, sak 3/15	01.09.15, sak 15/15	12.04.16, sak 14/16	6 mnds frist, hausten 2016	Utsett oppfølging
Selskapskontroll					
Rapporten Haugaland Kraft AS mm	09.09.14, sak 19/14	19.05.15, sak 9/15	08.09.15, sak 55/15	12 mnd, haust 2016	Deloitte AS
Andre saker					
Orientering om personal	09.02.16	23.05.16	-	-	Personalsjef
Orient. om skule	09.02.16	08.09.16	-	-	Skulesjef
TK si eigarstyring	09.02.16	23.05.16	-	-	Økon. sjef
Om delegasjonsreglement	23.05.16	i 2017			
Arkivforhold- pålegg	23.05.16				
Orientering barnehager	09.02.16	15.11.16			Barnehagesjef
Oppfølging av vedtak	23.05.16	15.11.16			
Orientering omsorgssjef.	09.02.16	i 2017			

Avslutta prosjekter pr. september

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
«Internkontroll»	03.02.15, sak 3/15	01.09.15, sak 15/15	12.04.16, sak 14/16	KST på nyåret	KPMG AS 6 mnds frist
Selskapskontroll					
Haugaland Kraft AS	09.09.14, sak 19/14	19.05.15, sak 9/15	08.09.15, sak 55/15	KST 27.09.17	Deloitte AS
Andre saker					
Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020	01.12.15, sak 24/15	23.05.16, sak 8/16	21.06.16, sak 40/16	Neste 4 år	KPMG AS
Plan for selskapskontroll 2016-2020	01.12.15, sak 24/15	23.05.16, sak 9/16	21.06.16, sak 39/16	Neste 4 år	KPMG AS

PS 71/16 EIGARSKAPSMELDING - TYSVÆR KOMMUNE

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Tysvær kommunestyre godkjenner eigarskapsmeldinga slik den ligg føre.
2. Meldinga skal reviderast minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.

Arvid S. Vallestad
rådmann

Tor Leif Helgesen
økonomisjef

BEHANDLING I FORMANNSKAPET - 18.10.2016

Randi I. Rettedal (Frp) la fram følgjande forslag til tilleggspunkt 1:

Tysvær kommunestyre godkjenner eigarskapsmeldinga slik den ligg føre, men med følgjande tillegg:
Kommunestyret blir førelagt ein enkel oversikt over kommunen sine eigarskap i eksterne selskap i eiga sak.
Oversikta skal innehalde informasjon om endring i vedtekter, samt rekneskapstall som viser økonomisk status.

Avrøysting:

Pkt. 1:

Randi I. Rettedal (Frp) sitt framlegg:	1 røyst (Randi Rettedal)
Rådmannen sitt framlegg:	8 røyster

Pkt. 2:

Rådmannen sitt framlegg:	Samrøystes
--------------------------	------------

Formannskapet tilrår at kommunestyret vedtar rådmannen sitt framlegg.

BEHANDLING I KOMMUNESTYRET - 25.10.2016

Randi Rettedal (FrP) la fram følgjande oversendingsforslag:

Formannskapet bes gjennomgå eigarskapsmeldinga for Tysvær kommune i den hensikt å finne fram til egnede rutiner for oppfølging av kommunens eigarskapsmelding. Tysvær formannskap er kommunens økonomiutvalg og bør ha gode rutiner for tilbakemelding i de selskap kommunen har eigarskap.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Kommunestyre sluttar seg samrøystes til Rettedal sitt oversendingsforslag



Dato: 01.05.2016
Saksnr.: 2006/3085
Løpenr.: 35666/2015
Arkiv: 035
Sakshandsamar: Tor Leif Helgesen

EIGARSKAPSMELDING – TYSVÆR KOMMUNE

Saksnr	Utval	Møtedato
92/16	Formannskapet	18.10.2016
	Kommunestyret	25.10.2016

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Tysvær kommunestyre godkjenner eigarskapsmeldinga slik den ligg føre.
2. Meldinga skal reviderast minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.

Arvid S. Vallestad
rådmann

Tor Leif Helgesen
økonomisjef

SAKSUTGREIING:

1. Bakgrunn

I dei seinaste åra har det vorte større merksemd rundt kommunalt eigarskap, og det har kome klare forventningar til korleis kommunane skal utøva dette eigarskapet. Tysvær kommune har ikkje tidlegare hatt ei eigarskapsmelding eller vedteke samla retningslinjer for utøving av det kommunale eigarskapet. Det er heller ikkje i dag føresegner rundt dette i lov og forskrift.

Kommunelovutvalet har i sitt forslag til endringar i kommunelova, som er ute på høyring hausten 2016, foreslått at kommunestyret skal utarbeida ei eigarskapsmelding for verksemd som blir drive i selskap - AS, IKS, samvirkeføretak, kommunalt oppgåvefellesskap (dagens interkommunale samarbeid etter § 27 i kommunelova) og vertskommunesamarbeid - minst ein gong i valperioden. Eigarskapsmeldinga skal innehalda prinsippa for eigarstyringa, oversyn over selskapa og føretaka, og føremålet med selskapa og føretaka. KS har i sin uttale til kommunelovutvalet sitt forslag støtta dette.

Kommunelovutvalet har også i sitt forslag sagt at det kan oppstå utfordringar der medlemmer av styret i kommunale føretak også er medlemmer av kommunestyret. Det blir foreslått at medlemmer av kommunestyret ikkje kan vera medlem av styret i slike føretak eller selskap.

Kontrollutvalet i Tysvær har i februar 2016 bedt om ei tilbakemelding frå rådmannen om det er nedfelt skriftlege retningslinjer, mandat og/eller ei eigarskapsmelding for eigarstyring for dei selskapa/verksemdene der Tysvær kommune har oppnemnt representantar. Andre spørsmål er kva mandat og informasjon/rapporteringsrutinar dei oppnemnde representantane har opp mot administrasjon og politisk nivå.

Vidare har representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS bedt eigarkommunane følge opp departementet sin konklusjon om at medlemskap i eit representantskap er eit kommunalt tillitsverv, og at det er kommunestyret som fastset og eigarkommunen som utbetaler slik godtgjersle.

2. Innhald i eigarskapsmeldinga

Arbeidet med eigarskapspolitikken kan delast i ein generell del som omhandlar prinsipp og rammeverk for eigarstyring, og ein selskapsspesifikk del som viser oversynet over kommunalt eigarskap. Vidare skal eigarskapspolitikken ha med strategiar og forventningar kommunen har som eigar i dei einskilde selskapa. I den eigarskapsmeldinga rådmannen no legg fram, er ikkje det siste ein eigen del, men tatt med der det er gjort spesifikke vedtak om dette.

Eigarskapsmeldinga er bygd opp i tre delar:

1. Rammeverk for kommunalt eigarskap:

Det blir her gitt eit kort oversyn over aktuelle selskapsformer, motiv for eigarskap og selskapsorganisering og dei ulike rollene som er knytt til kommunalt eigarskap.

2. Tilrådingar for eigarstyring:

I denne delen av meldinga blir dei generelle tilrådingane frå KS, 21 tilrådingar i eige skriv utarbeida i 2010, revidert november 2015, gjennomgått: «Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak». Her tilrår rådmannen konkrete handlingspunkt og haldningar der det er aktuelt.

3. Selskapsgjennomgang:

I denne delen blir det gitt eit kort oversyn over og informasjon om selskap av ulikt slag, der Tysvær kommune har eigarskap eller interesser og vedtekne føremål for selskapet, styringsorgan, økonomi m.v. Meldinga er bygd på rekneskapstal og årsmelding for 2015, der desse tala ligg føre. Alternativt blir det vist til 2014 som siste rekneskapsår. Selskapsgjennomgangen er bygd opp på selskap innanfor § 80 i kommunelova, selskap utanfor paragraf 80 i kommunelova og andre selskap kommunen har interesser i.

Opplysningar er innhenta frå årsmeldingar, selskapet sine nettsider og informasjon frå Brønnøysundregisteret.

Bakgrunnen for inndelinga er at § 80 i kommunelova omtaler spesielt at i interkommunale selskap, styrer og aksjeselskap der kommunen eig alle aksjar direkte eller indirekte, har kommunens kontrollutval og revisor rett til innsyn. Paragraf 80 i kommunelova – Innsyn og undersøkelser i selskaper – lyder slik:

I interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6, i interkommunale styrer etter § 27 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer, har kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, så vel fra selskapets daglige leder som fra styret og den valgte revisor for selskapet. I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.

3. Eigarskapsstrategiar for utvalde selskap

I tillegg til eigarskapsmeldinga er det prioritert å utarbeide eigarskapsstrategi for følgjande selskap:

- a. Haugaland Kraft AS
- b. HIM IKS
- c. Karmsund Havn IKS

Haugaland Kraft AS:

Eigarposten i Haugaland Kraft er den klart økonomisk viktigaste for kommunen, både med omsyn til verdi og fordi kommunen finansierer deler av drifta si med inntekter frå dette eigarskapet. Her er det i samarbeid med dei andre eigarkommunane alt utarbeidd ny eigarstrategi, vedtatt av kommunestyret i september 2015.

HIM IKS:

Eigarskapet er regional- og miljøpolitisk motivert. Det ligg også ein samfunnsøkonomisk motivasjon til grunn, ved at ein ønskjer å oppnå stordriftsfordeler ved å samarbeide med andre kommunar om renovasjonstenesta. Eigarstrategien er å sikre ei renovasjonstenesta som er miljøvenleg, rimeleg og god.

Karmsund Havn IKS:

Kommunen sin strategi for eigarskapet i havnevesenet er viktig av fleire årsaker. Selskapet har ei relativt omfattande økonomisk verksemd, og då selskapet er organisert som IKS, garanterer kommunen også for selskapet si lånegjeld ut frå vår eigarpost. Dette er eit betydeleg garantiansvar. Kommunen har inga inntektsside frå selskapet slik strategien i dag er. Det pågår nå eit arbeid med ny eigarstrategi for Karmsund Havn.

Ut over desse tre selskapa kan det, slik rådmannen ser det, vere aktuelt å utarbeide eigarskapsstrategiar også for følgjande selskap:

- Haugaland Vekst IKS
- Akrdal Næringspark AS
- Tysvær Arena Drift AS

4. Rådmannen sine merknader og tilråding

Eigarskapsmeldinga skal bidra til eit meir bevisst eigarskapsforhold frå kommunen si side. Ved å fremje prinsipp og rammeverk for god eigarstyring og samle selskapa i ei oversikt, slik vi no har gjort, skal det bli lettare å sikre forankring, styring og naudsynt kontroll med ressursane i kommunale selskap og føretak.

I eit vidare arbeid med oppfølging av eigarskapsmeldinga, vil det vera viktig å byggja auka bevissthet rundt kommunalt eigarskap, gjennom eigarskapsseminar for kommunestyremedlemmer

samt styremedlemmer og medlemmer av representantskap i kommunale selskap. Vi treng også oppfølgjande gjennomgangar av kva mål, strategiar og forventningar kommunen som eigar skal ha til dei ulike selskapa, og å etablera og følgja opp rutinar for eigarskapsutøvinga i tråd med tilrådingane. Det vil som nemnt også bli arbeidd med eigarskapsstrategiar.

I eigarskapsmeldinga det under dei fleste punkta i KS sine råd for god eigarstyring, drøfta og tilrådd konkrete handlingspunkt. Viktige tema som er omhandla i meldinga er rolleavklaringar knytt til arbeid i styrer og representantskap/generalforsamlingar, bruk valkomitear ved oppnevning av styrer, kompetansekrav til styremedlemmer, informasjons- og rapporteringsrutinar inn mot administrasjon og kommunestyre.

Rådmannen tilrår at kommunestyret godkjenner eigarskapsmeldinga slik den ligg føre og at meldinga seinare skal reviderast minst ein gong i kvar kommunestyreperiode, jf. det forslaget kommunelovutvalet har kome med.

Vedlegg:

Eigarskapsmelding, Tysvær kommune

FORUM FOR KONTROLLUTVALG I ROGALAND

Høstkonferansen 2016

Quality Hotel Residence, Sandnes

17. november 2016

42
Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato 02.10.16
Journalført: 16/386/tha/og
Arkivkode 033

Forum for kontrollutvalg i Rogaland har som formål å være en arena for utveksling av erfaringer. Hva kan vi lære av hverandre? Det er satt av tid til kommentarer og meningsutveksling til innleggene i programmet.

PROGRAM

- | | |
|-------|--|
| 10:00 | Velkommen
<i>Einar Endresen – leder av arbeidsutvalget i Forum for kontrollutvalg i Rogaland</i> |
| 10:05 | Fylkesmannens tilsyn med kommunene
<i>Grete Flåten, tilsynskoordinator, Fylkesmannen i Rogaland</i> |
| 10:45 | Pause |
| 11:00 | Varslinger
<i>Fylkesrådmann Trond Nerdal, Rogaland fylkeskommune</i> |
| 11:45 | Årsmøte 2016 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland |
| 12:00 | Lunsj |
| 13:00 | Korrupsjon og økonomiske misligheter i kommunene
<i>Einar Endresen, leder av arbeidsutvalget i Forum for kontrollutvalg i Rogaland og politispesialist i økonomisk kriminalitet.</i> |
| 13:45 | Pause |
| 14:00 | Selskapskontroll
<i>Rune O. Eskeland, forvaltningsrevisor, Rogaland Revisjon IKS</i> |
| 14:45 | Avslutning |

Pris **kr 900.-** pr. person

Påmelding innen **4. november** ved å sende e-post til mette.jensen.moen@rogfk.no med navn, verv/funksjon, kommune/firma og mailadresse. Kontrollutvalgsmedlemmer som oppgir mailadresse vil få årsmøtesakene tilsendt via e-post før konferansen.

VELKOMMEN!

For forum for kontrollutvalg i Rogaland
Kontroll- og kvalitetsutvalgets sekretariat,
Rogaland fylkeskommune



Representantskapet

Skjold 31.10.16

**INNKALLING TIL MØTE I REPRESENTANTSKAPET
HAUGALAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK
TORSDAG 1. DESEMBER 2016 KL 15.00-17.00**

Det innkalles til møte i representantskapet for Haugaland Interkommunale Miljøverk, jf. §8 i loven og §10 i vedtekten **torsdag 01.12.16 kl 15.00-17.00 på Toraneset Miljøpark.**

Saksdokumentene blir sendt ut i uke 46. Det bes om tilbakemelding innen 16.11. dersom det er saker til eventuelt.

Dersom noen ikke kan møte, ber vi om å bli varslet snarest over tlf 52 76 50 50 eller e-post: gro.staveland@him.as

Følgende representanter innkalles:

Bokn	Kari Christensen, Krovågen 19, 5561 Bokn
Bokn	Kjetil Vatnaland, 5561 Bokn
Etne	Ordfører Siri Klokkestuen, Postboks 54, 5591 Etne
Etne	Varaordfører Ingemund Berge, Silde, 5590 Etne
Haugesund	Gudrun Caspersen, Haugaleite 22 b, 5515 Haugesund
Haugesund	Nini Hæggernes, Fredrik Kolstøs gate 10, 5532 Haugesund
Haugesund	Synnøve Lunde, Fridtjof Øvrebøs gate 21, 5532 Haugesund
Haugesund	Arne Trygve Løvvik, Rindå 3, 5533 Haugesund
Tysvær	Ordfører Sigmund Lier, Postboks 94, 5575 Aksdal
Tysvær	Varaordfører Ola S. Apeland, Tysværvegen 608, 5570 Aksdal
Vindafjord	Ordfører Ole Johan Vierdal, Rådhuset, 5580 Ølen
Vindafjord	Varaordfører Steinar Skartland, Vikevegen 1641, 5568 Vikebygd

Innkallingen sendes også til:

Haugaland kontrollutvalgssekretariat (kun pr. e-post)

Styreleder i HIM, Arild Karlsen, Torbjørn Sandviks veg 10, 5584 Bjoa

Varamedlemmer som varsles og kan bli innkalt ved forfall:

Bokn	Jørgen Thuestad, 5561 Bokn
Etne	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Ekrheim, 5590 Etne
Haugesund	Tor Inge Eidesen, Haglandsvegen 139, 5514 Haugesund
Tysvær	Anita Halsnes, Førresdalen 20, 5563 Førresfjorden
Vindafjord	Wenche Sandbekken Lilleland, Fjellgardsvegen 884, 5583 Vikedal

Følgende deltakerkommuner er varslet:

Bokn kommune, ordføreren, 5561 Bokn

Etne kommune, ordføreren, Postboks 54, 5591 Etne

Haugesund kommune, ordføreren, Postboks 2160, 5504 Haugesund

Tysvær kommune, ordføreren, Postboks 94, 5575 Aksdal

Vindafjord kommune, ordføreren, 5580 Ølen

Innkalling

Evt. merknader til innkallingen

Valg av protokollfører

Valg av 2 representanter til å underskrive protokollen

Godkjenning av saksliste

Referat- og orienteringssaker

16.06 Protokoll fra møte i representantskapet 25.05.16

16.07 Orientering om HIM pr november 2016 ved Gro Staveland

16.08 Orientering om regnskap pr september 2016 samt andre nøkkeltall ved økonomileder
Knut Arvid Hagenberg

Vedtakssaker:

16.09 Budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020

16.10 Retningslinjer for arbeid og godtgjørelse knyttet til interkommunalt klageorgan i HIM

Eventuelt:

Sigmund Lier
Leder i representantskapet



Gro Staveland
Adm direktør



Statsarkivet i Stavanger

Bergelandsgata 30
4012 STAVANGER

SØKNAD OM UTSETT FRIST FOR UTARBEIDING AV PLAN

Syner til tidlegare dialog i samband med tilsyn og påfølgande rapport utarbeidd av Statsarkivet. I endeleg rapport vart det, etter dialog med Tysvær kommune, sett frist til 01.10.16 for utarbeiding av plan for Tysvær si framdrift med å løyse pålegga.

Underteikna har sidan ferien vore sjukemeldt og er nyleg tilbake i 50% stilling. Dette fråværet har medført at ein frå kommunen si side ikkje har fått jobba så mykje som ønska med denne planen. Arbeidet er i gong og arkitektar er i gong med å sjå på løysningar. På bakgrunn av pålegget og at rådmannen ønskjer kostnaden med i budsjettet for 2017 vert dette arbeidet prioritert. Men den eine endringa medfører endring for andre avdelingar, og derfor treng me oktober før me har ein endeleg plan. Ber derfor om utsett frist til 01.11.16 for innssending av plan.

Med helsing

Liv Jorunn Frønsdal
Leiar Fellessekretariatet

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og krev derfor ingen signatur.

Kritisk til at revisjon kan bli for billig

De store revisjonsselskapene er klare til å konkurrere om **FUSJONERTE KOMMUNER**. Kommunerevisorforbundet advarer mot risikoen.

- Vi ser et økende prispress mot kommunal revisjon, og hvis dette presset blir for stort, er vi bekymret for om kontrollutvalgene får den revisjonen de forventer, sier Ole Kristian Rogndokken, daglig leder i Norges kommunerevisorforbund (NKRF).

De siste årene har om lag 50 kommuner gått over til privat revisjon, og de tre største revisjonsselskapene har størstedelen av kontraktene. I fjor fakturerte Deloitte nesten 36 millioner kroner til kommunene som er inne i Leverandørdatabasen til Kommunal Rapport. KPMG fakturerte 33 millioner og BDO 15,5 millioner kroner.

De kommunale revisorene dekker stadig 88 prosent av Kommune-Norge, ifølge NKRF - som organiserer folk fra begge leire.

- Den ene revisoren er ikke bedre enn den andre, men jeg er redd for at prispresset kan føre til at revisjonsomfanget blir for lavt. Hvis vi kan gå ut fra at det er en sammenheng mellom pris og handling, så snakker vi om en svekkelse av kommunenes egenkontroll i strid med alle politiske signaler, sier Rogndokken.

- Som å kjøpe bensin

Fagdirektør Harald Brandsås i Revisorforeningen tilbakeviser

at større og rimeligere kontrakter med private selskaper vil svekke kommunenes revisjon og egenkontroll.

- De store revisjonsselskapene har drillet sine opplegg for å revidere store organisasjoner. Det er veldig godt regulert i loven hva de skal utføre, og i tillegg kommer detaljerte oppdragsbeskrivelser fra kommunene. Det blir som å kjøpe bensin - du får den samme kvaliteten hos Shell og Statoil - kommunene får den samme bekreftelsen på regnskapene med den samme sikkerheten, sier Brandsås. Han er overbevist om at kommuner som slår seg sammen, vil spare penger på revisjon.

- På den andre siden vektlegger kommunene pris i for høy grad. Det viktigste for en kommune som skal kjøpe inn revisjonstjenester, er å sjekke kompetansen til revisor. De store selskapene har bygget opp kompetanse på kommunerevisjon, men det finnes også mindre aktører som har rekruttert tidligere kommunerevisorer for å sikre denne kompetansen, sier Brandsås.

Sparte 65 prosent

Bergen var først blant storbyene til å konkurranseutsette kommunens revisjon. I 2012 inngikk

Bergen kontrakt med henholdsvis BDO om regnskapsrevisjon og Deloitte om forvaltningsrevisjon. Nylig behandlet kontrollutvalget i Bergen en positiv evalueringsrapport om revisjonstjenestene (se undersak), hvor Rogaland Revisjon IKS har gjennomgått hele oppdraget og intervjuet bystyret, byrådet, kontrollutvalget og administrasjonen.

- Diskusjonen om ordningen har stilnet av, sier Ole Hopperstad, sekretariatsleder for kontrollutvalget.

Revisjonsutgiftene i Bergen har falt fra 50 kroner per innbygger i 2012 til 22 kroner i 2015 - en nedgang på 65 prosent i perioden med privat revisjon. Til sammenlikning har kostnadene i Oslo ligget flatt mellom 79 og 82 kroner i samme periode, mens Trondheim har en nedgang fra 97 til 92 kroner per innbygger. Gjennomsnittet for de ti største kommunene utenom Oslo er 70 kroner per innbygger i brutto driftsutgifter til kontroll og revisjon i 2015.

- De fleste vil gå privat

Revisjonsselskapet BDO har tegnet ny kontrakt om regnskapsrevisjon med Bergen, etter at den forrige fireårsavtalen løp ut i sommer. Oppdragsansvarlig i BDO Terje Tvedt sier til Kommu-

nal Rapport at revisjonsbransjen forventer flere nye oppdrag i forbindelse med kommunereformen.

- Hittil har mange kommuner gått over til private revisorer, men ingen av disse har gått tilbake til intern kommunerevisjon så langt jeg vet. På kort sikt forventer vi flere utlysninger av revisjonsoppdrag, og på lengre sikt tror jeg de fleste kommunene vil gå over til privat revisjon.

Tvedt råder kommunene til å forholde seg bevisst til hva slags revisjon de ønsker og hva som er formålet.

- Revisjon er i realiteten en ekstern tjeneste som kommunene kjøper inn, selv om det utføres av en ansatt revisor. En overgang til ekstern revisor er derfor et tjenestekjøp og i mindre grad en konkurranseutsetting, påpeker Tvedt. Han mener for øvrig at pris har blitt et for viktig kriterium for innkjøp av kommunal revisjon.

- Selv om det åpenbart er penger å spare på å kjøpe tjenesten eksternt, bør alle kommuner vurdere nøye hvor mye de er tjent med å kutte i revisjonshonorarene.

ANDREAS HØY KNUDSEN, 452 21 426
andreas@nyhetstjenester.no

Utgifter til kontroll og revisjon

Brutto driftsutgifter i 2015 på Kostra-funksjon 110 kontroll og revisjon, målt per innbygger

Disse har regnskapsført mest

Kommune	Per innb.	Totalt (1000 kr)
Røyrvik	1365	640
Vevelstad	1345	682
Leka	1215	683
Nesseby	1160	1112
Berlevåg	1117	1117
Fosnes	1087	688
Utsira	1085	217
Gamvik	1064	1212
Modalen	919	350
Lebesby	870	1147

Disse har regnskapsført minst

Kommune	Per innb.	Totalt (1000 kr)
Lier	31	809
Ørsta	31	333
Hurdal	25	72
Bergen	22	6204
Fjell	22	538
Vefsn	20	269
Tysfjord	18	36
Enebakk	18	193
Halden	13	412
Steigen	11	27

Fedje, Ålfjord og Sund har ikke regnskapsført noen brutto utgifter til kontroll og revisjon i 2015.

Storbyene

Kroner per innbygger i brutto utgifter til kontroll og revisjon.

	2012	2013	2014	2015
Bergen	50	29	34	22
Oslo	79	77	81	82
Stavanger	50	48	56	38
Trondheim	97	96	90	92

Kommunerevisjon

Kommunene velger selv enten internt ansatt kommunerevisor, IKS eller ekstern revisjon gjennom konkurranse. 50 kommuner har i dag ekstern revisor.

Mener privatisering var «særdeles vellykket»

Den private revisjonen i Bergen er så vellykket at politikerne har tatt revisjon av dagsordenen, ifølge ekstern evalueringsrapport.

Bortsett fra en kort innkjørsperiode og enkelte merknader til forvaltningsrevisjonen, konkluderer Bergen kommune med at konkurranseutsettingen av revisjon har vært særdeles vellykket. Etter fire år med BDO og Deloitte som leverandører av henholdsvis regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, leverte Rogaland Revisjon IKS en større

evaluering som også inneholder intervjuer med administrasjonen, kontrollutvalget og bystyrepolitikere. Bortsett fra Rødts representant i bystyret melder alle seg tilfredse.

- I 2012 ble dagens ordning vedtatt med knappest mulig margin i bystyret. Men det daværende mindretallet gir i dag ikke uttrykk for at man ønsker seg tilbake til tidligere ordning. Revisjonsordningen er i dag ikke på den politiske agendaen, noe som må tolkes som en tillitserklæring

til dagens ordning, oppsummerer Cisel T. Aarrestad i Rogaland Revisjon IKS.

- Ordningen fungerer, så dette er ikke lenger et politisk spørsmål, sier Dag Skansen (H), leder av komité for finans, kultur og næring i Bergen fram til høsten 2015.

Administrasjonen oppgir at det skjedde en markant endring til det bedre ved omleggingen i 2012 og at man opplever «en helt annen verden» med den nye revisjonsordningen.

Sekretariatsleder Ole Hopperstad i bystyrets kontrollutvalg, som har den tettteste kontakten med revisorleverandørene, sier at evalueringsrapporten gir et riktig bilde.

- Vi har bevisst valgt en modell hvor to revisjonsselskaper har hvert sitt oppdrag for oss. I tillegg kan vi avtale spesifikke kontroller fra revisorene. Dette sikrer at revisjonsselskapene ikke kan få gjennom noe i kontrollutvalget som ikke er på plass, sier Hopperstad.

STAVANGER

A1. Konsern -Nøkkeltall og adm., styring og fellesutg. - grunnlagsdata Funksjon 110

		2012	2013	2014	2015
1106 Haugesund	Brutto driftsutgifter, funksjon 110	1025	1325	1272	1371
1134 Suldal	Brutto driftsutgifter, funksjon 110	672	874	839	672
1135 Sauda	Brutto driftsutgifter, funksjon 110	479	450	301	548 156
1145 Bokn	Brutto driftsutgifter, funksjon 110	180	245	284	287
1146 Tysvær	Brutto driftsutgifter, funksjon 110	401	524	538	558
1149 Karmøy	Brutto driftsutgifter, funksjon 110	1033	1359	1069	1492
1151 Utsira	Brutto driftsutgifter, funksjon 110	185	227	176	217
1160 Vindafjord	Brutto driftsutgifter, funksjon 110	698	791	772	794 964
1211 Etne	Brutto driftsutgifter, funksjon 110	486	571	593	540
1216 Sveio	Brutto driftsutgifter, funksjon 110	559	376	440	550
				6,3	6,8
		2012	2013	2014	2015
1106 Haugesund	Folkemengde i alt	35753	36099	36538	36951
1134 Suldal	Folkemengde i alt	3872	3881	3892	3903
1135 Sauda	Folkemengde i alt	4745	4760	4756	4710
1145 Bokn	Folkemengde i alt	865	868	865	865
1146 Tysvær	Folkemengde i alt	10487	10668	10857	10925
1149 Karmøy	Folkemengde i alt	41118	41753	42062	42187
1151 Utsira	Folkemengde i alt	209	211	206	200
1160 Vindafjord	Folkemengde i alt	8615	8747	8765	8788
1211 Etne	Folkemengde i alt	4040	4057	4103	4106
1216 Sveio	Folkemengde i alt	5400	5463	5509	5593
		2012	2013	2014	2015
1106 Haugesund	Styring og kontroll pr innbygger	29	37	35	37
1134 Suldal	Styring og kontroll pr innbygger	174	225	216	172
1135 Sauda	Styring og kontroll pr innbygger	101	95	63	140 33
1145 Bokn	Styring og kontroll pr innbygger	208	282	328	332
1146 Tysvær	Styring og kontroll pr innbygger	38	49	50	51
1149 Karmøy	Styring og kontroll pr innbygger	25	33	25	35
1151 Utsira	Styring og kontroll pr innbygger	885	1076	854	1085
1160 Vindafjord	Styring og kontroll pr innbygger	81	90	88	90 110
1211 Etne	Styring og kontroll pr innbygger	120	141	145	132
1216 Sveio	Styring og kontroll pr innbygger	104	69	80	98

Ståle Iversen
Lyngvegen 16
5563 FØRRESFJORDEN

E-post: staale.iversen@haugnett.no

Deres dato
05.10.16

Deres ref.

Vår ref.
16/384/216/tha

Dato
06.10.16

VEDR. KLAGE PÅ TYSVÆR KOMMUNES SAKSBEHANDLING I BYGGESAKER

Vi viser til din e-post til Tysvær kontrollutvalg, innregistrert 06.10.16 med klage på at Tysvær kommune ikke følger egne vedtak, lover og forskrifter. Som vedlegg følger dispensasjonssøknad, byggesøknad, hustegninger, saksframlegg til teknisk utvalg og fylkesmannens brev av 15.02.16, hvor de stadfester kommunens vedtak.

Det er bare kommunestyret som kan pålegge kontrollutvalget oppgaver. Når det gjelder henvendelser fra andre, må utvalget selv vurdere om utvalget vil behandle henvendelsen eller ikke. Om kontrollutvalget skal behandle en sak, vil være avhengig av om saken ligger innenfor mandatet til kontrollutvalget.

Kontrollutvalget sine oppgaver er omtalt i «*Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner*». Utvalgets primæroppgaver er å sørge for at kommunen har en forsvarlig regnskapsrevisjon, at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon og selskapskontroll, samt andre oppgaver på et overordnet nivå knyttet til systemkontroll.

Kontrollutvalget skal ikke være et klageorgan for enkeltvedtak eller en arena for overprøving av politiske prioriteringer/vedtak som er gjort av kommunalt folkevalgte organ. Utvalget har heller ikke myndighet til å fatte vedtak som binder forvaltningen.

Tysvær kontrollutvalg skal ha neste møte den 15.11.16 og vil i første omgang få fremlagt din henvendelse som en referatsak. Utvalget vil i møtet drøfte om saken ligger innenfor deres mandat, og om den skal avvises eller følges opp.

Du vil bli orientert om utfallet av saken når endelig vedtak foreligger. Sakskart og protokoller fra utvalgets møter blir lagt ut på våre nettsider www.kontrollutvalgene.no.

Med vennlig hilsen
Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

Toril Hallsjø (sign.)
Daglig leder/utvalgssekretær

Kopi: Tysvær kommune v/postmottak og leder av teknisk utvalg

Førre, 05.10.2016

Klage på at Tysvær kommune ikke følger egne vedtak, lover og forskrifter

Etter anbefaling av Terje Knoff, leder i Teknisk utvalg har vi valgt å melde inn vedlagte sak. Det har vært mye frem og tilbake med dispensasjonssøknad og byggesøknad pga at Tysvær kommune ikke har klart å følge sine egne vedtak, lover og forskrifter.

Vi mener at Tysvær kommune har ignorert våre merknader som nabo og hva de selv har vedtatt. Til sist prøver de å snu seg unna ved å si at det er en sak mellom to naboer.

Tysvær kommune har hatt synfaringer og sier at det stemmer med tegninger. Tegningene stemmer jo ikke med vedtak!!! Skal de da unnlate å lese vedtakene?

Hvor går grensen for når de kan gi signal om at de ikke gidder å svare på henvendelser?
Kan enkeltpersoner i kommunen bare endre reglene ut i fra hva de selv føler for?

1. Det ble godkjent 2 påbygg (inngangsparti). Påbygg nærmest vår nabogrense er i tilknytting til platting som ikke er omsøkt. Støttemur med platting er ca 120 cm + gjerde (90cm?) i innkjøring til garasje og kundemottak "kunstkakekjelleren".

Denne plattingen tar siktsonen ut mot vei og er trafikkfarlig, noe vi og gjenboer har påpekt flere ganger. I tillegg reklameres det i media for 30-40 kakeutleveringer enkelte helger, noe som gjør at det er ekstra trafikk i dette området. Skulle ikke eneforetaket i utgangspunktet hatt egent parkering og snuplass????

Det er ikke gitt dispensasjon på platting ut mot vei. Det er kun tillatt forstøtningsmur på maks 50 cm i høyde ut mot vei, for å sikre fri siktzone. Dette bekreftes i vedtak datert 19.03.2013, *Retningslinjer for utforming av kommunale vegar, gater og gangvegar i Tysvær kommune*.

Dette syns jeg er merkelig at kommunen ikke tar siktzone mer på alvor da de i media fremstår som nøye på det.

2. Godkjent forlengelse av hus inntil garasje!
Garasje skal være i samsvar med reguleringsplanen, altså saltak!
Her har de fått godkjent pulttak i byggesaken, men ikke i dispensasjonen.
"Fylkesmannen påpeker i vår klage at garasje skal samsvare med reguleringsplanen si føresegn om saltak."

Utnyttelsesgraden på bygget totalt overskrider føresegnene da garasjen nå er et tilbygg til huset og skal regnes med i utnyttelsesgraden.

3. Høyde på påbygg har blitt høyere enn først omsøkt i i dispensasjonssøknad.
Det ble påpekt at høyden på påbygg skulle reduseres vesentlig i høyden for ikke å være så dominerende. (Se vedlagt byggetegning.)
Nå er påbygget høyere enn hva tegningene viste i dispensasjonssøknaden.
4. I siste byggesøknad ble det brukt «søknad om endring av gitt tillatelse eller godkjenning» selv om det ikke forelå noen endelig godkjenning på byggesøknad.

Synes det er synd at Tysvær kommune ikke tar slike merknader mer alvorlig enn hva de gjør, og at de ikke overholder tidligere vedtak.

Ved å sette seg inn i sakspapirene som omhandler hele saken, vil dere kunne se flere avvik fra kommunens side.

Skulle det være spørsmål angående saken er det bare å ta kontakt, eventuelt avtale møte.

Med hilsen

Ståle Iversen / Jorunn Bertheussen

Emne **Klage på Tysværkommunes saksbehandling**
 Avsender Ståle Iversen <staale.iversen@haugnett.no>
 Mottaker <post@kontrollutvalgene.no>
 Kopi til <terkn@statoil.com>
 Dato 05.10.2016 19:20



Haugaland
 Kontrollutvalgsssekretariat IKS

Mottatt dato: 06/10/11

Journalført: 16/383/4ha

Arkivkode: 246

- Fylkesmannen 1.pdf (~629 KB) Side 1
- Fylkesmannen 2.pdf (~890 KB) - 2
- Fylkesmannen 3.pdf (~854 KB) " 3
- Fylkesmannen 4.pdf (~945 KB) " 4
- Fylkesmannen 5.pdf (~489 KB) " 5
- Hustegning forskjellen på Disp og godtatt hustegning.jpg (~2,1 MB)
- PS 11 15 disp 1.pdf (~425 KB) s 1
- PS 11 15 disp 2.pdf (~457 KB) s 2
- PS 11 15 disp 3.pdf (~803 KB) s 3
- PS 11 15 disp 4.pdf (~640 KB) s 4
- PS 106 15 bygg 1.pdf (~452 KB) s 1
- PS 106 15 bygg 2.pdf (~828 KB) s 2
- PS 106 15 bygg 3.pdf (~492 KB) s 3
- tysvær kommune Retningslinjer for vegbygging vedtatt 2013 03 19.pdf (~509 KB) (IM)
- Klage på Tysværkommunes saksbehandling.docx (~14 KB)

Sender med :

- Klage på tysværkommunes saksbehandling klagebrev
- 3) Endelig Dispensasjonssøknad - vedlegg 3
- 2) Endelig Byggesøknad - vedlegg 2
- 1) Svar fra fylkesmannen - vedlegg 1

Hustegning forskjellen på Disp og godtatt hustegning.jpg
 ~2,1 MB





Tysvær kommune
Postboks 94
5575 Aksdal

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Klageavgjerd - tilbygg til bustadhus - gnr. 79, bnr. 345 i Tysvær kommune - tiltakshavarar: Stian O. Bakken, Mona Kaland

Naboar har klaga på kommunen sitt vedtak om løyve til oppføring av tilbygg til bustadhus. Fylkesmannen stadfestar kommunen sitt vedtak.

Vi viser til kommunen si oversending av 3.10.2015.

Bakgrunn for saka

Tiltakshavar søkte 4.3.2014 om dispensasjon og samtykke til tilbygg på eksisterande bustadhus og påbygg på garasje. Det er søkt om dispensasjon frå føresegna i pbl. § 29-4 om avstand til nabogrensa, frå pbl. § 31-2 fjerde ledd (radonsperre) og om føresegna i reguleringsplanen om byggjegrænse mot veg.

Det vart i 1975 godkjent oppført frittliggjande garasje på tiltakshavar sin eigedom med avstand til nabogrensa på 0,5 meter. I 1991 vart det godkjent eit tilbygg til garasjen på ca. 9 m². Tilbygget det er søkt om ligg mellom garasjen og bustadhuset og byggjer dei to bygga saman. Det er også søkt om løyve til å etablere ei ny inngangsdør i tillegg til eksisterande dør og overbygg over begge inngangsdørene.

Saka har vore behandla av kommunen fleire gonger. Det ligg nå føre to vedtak som er klaga til Fylkesmannen. Det eine vedtaket gjeld dispensasjon og det andre gjeld endeleg byggjeløyve.

Kommunen ga i vedtak datert 26.3.2014 i sak 198/14 dispensasjon frå føresegna i pbl. § 29-4 om avstand til nabogrense, frå byggjegrænse og frå tekniske krav. Vedtaket av 26.3.2014 lyder:

«Teknisk sjef finn å kunne gje dispensasjon ifrå avstandskravet etter pbl. § 29-4, ifrå byggjegrænse på eigedomen og ifrå TEK10 etter pbl. § 31-2. Dispensasjonen er berre prinsipiell, og det må også søkast om og gis eit byggjeløyve til tilbygget/påbygget før ein kan starta.»

Vedtaket vart klaga på av Ståle Iversen og Jorunn Bertheussen i brev datert 14.4.2014. Klagarane gjorde mellom anna gjeldande at dei ikkje hadde motteke lovleg nabovarsel og fått høve til å gi merknader til søknaden.

Kommunen gjorde nytt vedtak i saka 5.5.2014 i sak 298/14. Vedtaket av 5.5.2014 var naudsynt fordi naboane grunna ein feil ikkje hadde fått høve til merknader før vedtaket 26.3.2014 vart gjort. Vedtaket av 5.5.2014 lyder:

«Samla sett er kommunen positiv til at det vert gjeve dispensasjon til påbygg, i frå byggjegrænse på eigedomen og TEK10. Når det gjeld dispensasjon til påbygg, vert det sett krav om at påbygget skal bli vesentleg redusert i høgda for å ikkje verke så dominerande. Den endelege utforminga av påbygget vil kommunen godkjenne i byggjesaka.

Dispensasjonen er berre prinsipiell, og det må då søkast om og gis eit byggjeløyve til tilbygget/påbygget før ein kan starta. Kommunen skal godkjenne utforminga av påbygget i byggjesaka.»

I tillegg til klagen datert 14.4.2014 har Iversen og Bertheussen også uttala seg om saka i fleire skriv, mellom anna datert 4.7.2014 og 18.8.2014. Klagarane gjer mellom anna gjeldande at utnyttingsgraden vert større enn tillate i reguleringsplanen. Garasjen vert med det nye tiltaket ikkje lenger frittliggjande og må reknast med i berekninga av utnyttingsgraden. Kjellaren skal også reknast med i denne berekninga. Inngangen til forretninga bør plasserast mot aust. Vedtaket er ikkje i samsvar med føresegnar og tidlegare vedtak. Forlenging av huset inntil garasjen vil vere sjenerande og gi reduserte lys- og soltilhøve på klagaren sin eigedom. Det er også gitt samtykke til endring av takvinkelen på garasjen. Dette er i strid med føresegnene i reguleringsplanen som seier at garasjar skal ha saltak. Klagar sin eigedom vil miste sol og bli innestengt. Huset til klagaren ligg lågare i terrenget enn nabohuset og forskjellen i høgde kjem ikkje fram på teikningane. Tiltaket vil avgrensa høvet til utnytting av klagaren sin eigedom. Klagar viser til at tiltakshavar sitt hus er stort og at familien neppe har plassmangel. Klagar forstår at det kan skje endringar i eit gammalt byggefelt men vil ikkje akseptera at det vert bygt innanfor firemetersgrensa.

Fylkesmannen viser elles til klagen og andre mottekne skriv som er lagt ved saka.

Teknisk utval behandla klaga 25.9.2014 som sak PS 103/14 og gjorde fylgjande vedtak (s. 216):

«Teknisk utval finn å kunne ta klagen delvis til følgje. Teknisk utval opprettheld tidlegare vedtak om å gi dispensasjon til å ha bustaden plassert nærmare nabogrensa enn 4 meter, men finn ikkje å kunne tillate eit påbygg på garasjedelen då dette vil få negativ verknad for naboeigedomen.»

Nabo oppmoda i brev datert 6.10.2014 kommunen om å gjere om vedtaket. Teknisk utval gjorde 22.1.2015 i sak 11/15 følgjande vedtak:

"Teknisk utval opprettheld tidlegare vedtak om å gi dispensasjon frå pbl § 29-4 til å bygge bustaden saman med garasjen som står plassert tett inntil nabogrensa, men finn ikkje å kunne tillate påbygg på garasjedelen eller nytta den delen av bygget til bustad."

Tiltakshavar søkte 7.2.2015 om byggjeløyve for eit tilbygg til eksisterande bustadhus inntil eksisterande frittliggjande garasje oppført i nabogrensa.

Teknisk sjef i kommunen gjorde 18.3.2015 i sak 138/15 følgjande vedtak:

"Teknisk sjef avslår søknad om løyve til oppføring av omsøkt tilbygg til bustadhus i Førresfjorden, på bakgrunn av at omsøkt tiltak er i strid med reguleringsføresegna § 2, i tillegg til at det er i strid med angitt byggjegrænse etter reguleringsplanen."

Tiltakshavar søkte på ny 31.3.2015 om eit tilbygg som er noko omarbeida i høve til dei tilbygga det tidlegare er søkt om.

Det ligg føre nabomerknader til søknaden.

Teknisk sjef gjorde 6.5.2015 følgjande vedtak i sak 219/15:

"Teknisk sjef finn, med heimel i pbl. § 21-4 og i medhald av delegert mynde, å kunne gje løyve til påbygg og tilbygg til bustaden, som omsøkt."

Vedtaket om byggjeløyve vart klaga på av Ståle Iversen og Jorunn Bertheussen i brev datert 22.5.2015. Klagarane har også uttala seg om saka i skriv datert 15.10.2015. Klagarane gjer mellom anna gjeldande at utnyttingsgraden vert større enn tillate i reguleringsplanen. Garasjen vert med det nye tiltaket ikkje lenger frittliggjande og må reknast med i berekninga av utnyttingsgraden. Kjellaren skal også reknast med i denne berekninga. Inngangen til forretninga bør plasserast mot aust. Vedtaket er ikkje i samsvar med føresegner og tidlegare vedtak. Forlenging av huset inntil garasjen vil vere sjenerande og gi reduserte lys- og soltilhøve på klagaren sin eigedom. Det er også gitt samtykke til endring av takvinkelen på garasjen. Dette er i strid med føresegnene i reguleringsplanen som seier at garasjar skal ha saltak. Klagers eigedom vil miste sol og bli innestengt. Tiltaket vil avgrensa av utnyttinga av klagers eigedom. Klagar viser til at tiltakshavar sitt hus er stort og at familien neppe har plassmangel. Klagar forstår at det kan skje endringar i eit gammalt byggefelt men vil ikkje akseptera at det vert bygt innanfor firemetersgrensa.

Vedtaket vart også klaga på av Jan Fredrik og Haldis Jørgensen i brev datert 10.6.2015. Klagarane gjer mellom anna gjeldande at dei ikkje ynskjer meir trafikk i vegen fordi deira eigedom og gangvei vert nytta som snuplass. Dersom inngangen vert plassert som vist på teikninga vil det bli auka bruk av klagarane sin eigedom til parkering og snuplass. Parkering bør heller vere på sørvestleg side av huset. Ved plattinga og uteområdet må det vere frisiktsone mellom anna av omsyn til barn som leikar.

Fylkesmannen viser elles til klagene og seinare framlagde skriv som er lagt ved saka.

Teknisk utval behandla klagene 1.10.2015 i sak 106/15 (s. 224) og gjorde følgjande vedtak:

«Teknisk utval viser til saksutgreiinga og finn å ikkje ta klaga til følge og opprettheld teknisk sjef sitt tidlegare vedtak:

Teknisk sjef finn, med heimel i pbl §21-4 og i medhald av delegert mynde å kunne gje løyve til påbygg og tilbygg til bustaden som omsøkt.»

Fylkesmannen viser elles til dokumenta i saka.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen legg til grunn at klagen gjeld vedtak datert 22.1.2015 om dispensasjon og vedtaket datert 6.5.2015 som gjeld utforming av bygget. Klagarane har klagerett og båe vedtaka er klaga på innanfor klagefristen, jf. forvaltningslova (fvl.) kap. VI og plan- og bygningslova (pbl.) § 1-9.

Eigedommen er omfatta av reguleringsplan for Førre terrasse stadfesta av Kommunaldepartementet 30.9.1968 og er regulert til bustadføremål.

Fylkesmannen legg til grunn at tiltakshavar gjennom vedtaka har fått dispensasjon frå byggegrense, avstand til nabogrense i pbl., tekniske krav og byggjeløyve. Det er klaga på vedtak om dispensasjon frå avstandsføresegna i pbl. og vedtak om byggjeløyve.

Klage på dispensasjonsvedtaket

Tiltaket går ut på å byggje bustadhuset saman med garasjen som ligg i nabogrensa. Garasjen vert ein del av bustadhuset og tiltaket krev dispensasjon frå føresegna i pbl. § 29-4 om avstand til eigedomsgrense. Fylkesmannen legg til grunn at tiltaket overskrid byggjegrensa i reguleringsplanen og treng dispensasjon frå planen.

Dispensasjon kan bli gitt etter grunngeven søknad. Vilkår for dispensasjon går fram av pbl. § 19-2. Dei omsyna som plan- og bygningslova og den aktuelle planen byggjer på vil vera sentrale i vurderinga. Det skal leggjast særleg vekt på omsynet til ei forsvarleg og fornuftig areal- og ressursdisponering. Ved dispensasjon frå planar skal det også leggjast vekt på statlege og regionale rammer og mål. Dispensasjon kan ikkje bli gitt dersom omsyna bak føresegnene eller lova sitt føremål blir vesentleg sett til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon etter ei samla vurdering vere klart større enn ulempe.

Føresegner om minste avstand til naboeigedom og byggegrenser skal mellom anna sikra høveleg lys og luft mellom husa, høvelege siktliner på staden og verna mot sprenging av brann.

Overskridinga av byggjelina gjeld eit mindre overbygg over to inngangar i huset og ein mindre del av tilbygget. Overskridinga er lita og eksisterande bustadhus har allereie ei mindre overskriding av byggjelina. Fylkesmannen ser det slik at overskriding av byggjelina i dette tilfellet er så lita at dispensasjon ikkje vil setje omsyna bak føresegnene om byggjelina vesentleg til side.

Fylkesmannen legg til grunn at tilbygget er noko høgare enn eksisterande bustad. Lys og luft mellom husa, siktliner og soltilhøve vil likevel vera om lag som før tilbygget. Det er lagt fram soldigram som viser at tilbygget ikkje vil gi vesentleg endra soltilhøve på nabotomta. Garasjen ligg allereie nær nabogrensa og tilbygget vil ikkje endra avstanden. Garasjen vil heller ikkje endra funksjon. Høgda på garasjen blir også om lag den same. Tilbygget gjer at garasjen vert ein del av bustadhuset og ein må ta omsyn til brannrisiko. Fylkesmannen legg til grunn som det går fram av kommunen sitt vedtak at tiltaket krev ekstra brannsikring og må byggjast i samsvar med brannføresegner. Garasjen på naboeigedom ligg omlag fire meter frå grensa og bustadhuset lenger frå grensa. Kommunen vurderer det slik at tiltaket ikkje vil hindra moglege tiltak i framtida hjå naboen. Fylkesmannen ser det slik at når det vert sikra godt nok mot sprenging av brann vil ikkje omsyna bak føresegnene om avstand til nabogrense bli vesentleg sett til side. Det er heller ikkje påvist vesentlege ulemper ved tiltaket. Fylkesmannen har etter ei samla vurdering komme til at fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempe og at dispensasjon kan bli gitt.

Klage på byggjeløyve

Det går fram av føresegnene til reguleringsplanen at det kan byggjast på inntil 1/5 av nettoarealet på tomta. I tillegg kjem garasje.

Klagar har mellom anna gjort gjeldande at tiltaket er i strid med føresegner i reguleringsplanen om utnyttingsgrad. Reguleringsplanen § 4 lyder:

«Det kan byggjast på inntil 1/5 av nettoarealet av kvar einskild tomt, i tillegg kjem garasje.»

Kommunen har opplyst at utnyttinga av tomta med det nye tiltaket vil bli om lag 18 % berekna i samsvar med denne føresegna. Fylkesmannen viser til at når maksimal utnytting er definert i planen gjeld dette føre byggeføresegnene som var gjeldande då planen vart vedteken og legg til grunn at utnyttinga er innanfor det som er tillate. Garasjetaket må reknast for å vera i samsvar med reguleringsplanen si føresegn om saltak.

Med dei dispensasjonane som er gitt er tiltaket ikkje i strid med føresegner gitt i eller i medhald av pbl. og må tillatast. Kommunen sitt vedtak må stadfestast.

Fylkesmannen har ikkje vesentlige merknader til lovforståinga og skjønnnet til kommunen, og stadfestar kommunen sitt vedtak.

Fylkesmannen har vektlagt omsynet til det lokale sjølvstyre, jf. fvl. § 34 andre ledd.

Vedtak:

Fylkesmannen stadfestar kommunen sine vedtak av 22.1.2015 og 6.5.2015.

Klagen blir ikkje tatt til følgje.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast til overordna forvaltningsorgan, jf. fvl. § 28.

Knut Middelthon
fagdirektør

Svein Undheim
juridisk rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Svein Undheim
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 08
E-post: fmrosvu@fylkesmannen.no

Kopi til:

Ståle Iversen og Jorunn Bertheussen	Lyngvegen 16	5563	FØRRESFJORDEN
Stian O. Bakken og Mona Kaland	Lyngvegen 14	5563	FØRRESFJORDEN
Jan Fredrik og Haldis Jørgensen	Lyngvegen 13	5563	FØRRESFJORDEN



Ståle Iversen og Jorunn Bertheussen
Lyngvegen 16
5563 FØRRESFJORDEN

PS 11/15 MELDING OM VEDTAK - GBNR 79/345 KLAGE PÅ TIDLEGARE VEDTAK VEDR DISPENSASJON TIL TILBYGG/PÅBYGG PÅ HUS OG GARASJE I FØRRESFJORDEN

Viser til vedlagte særutskrift av sak 11/15 behandla i teknisk utval i møte 22.01.2015.

Som det kjem fram av vedtaket opprettheld utvalet sitt tidlegare vedtak i saka.

Frist for å klage vert sett til **tre veker** frå mottak av dette skrivet.

Med helsing
Tysvær kommune, Servicetorget

Åshild A. Milje
Åshild Austerheim Milje
saksbehandlar

